

Info ang tilsyn i Seim barnehage 08.06.18:

- **Kompetanseplanar:**

- Det er enno ikkje utarbeidd kompetanseplan for barnehagen dei komande åra, men det skal vi gjere når «trøkket» frå Lindås kommune si side har lagt seg litt i samband med m.a. Kvalitetsplanen for oppvekst.
- Dei siste åra har vi hatt meir enn nok med å «hengje på» det som er kome frå kommunen av felles skulering, både ift innføring av DUÅ, ressursteam, BTI, BRU-nettverk, leiaropplæring og no språkstrategi + kursa som vart haldne i fjor i høve m.a. barnevern og overgrep. Når ein sjølv ikkje er direkte involvert i dei overordna prosjekta, tek det noko tid før ein som styrar får den fulle oversikta om desse tinga og ser vår veg vidare ift dette. Det er bra og viktige ting, som vi ynskjer å delta på. Samstundes har vi avgrensa tid til felles jobbing. Det som er kome av tilbod frå kommunen er heller ikkje varsla så lang tid på førehand, så det er vanskeleg å leggje langtidsplanar for barnehagen og samstundes få bakt inn dei kommunale tinga.

Mi oppleving på barnehagen sine vegne er at det har kome for mykje for tett, noko som gjer det utfordrande for oss å henge med og tidsmessig få sett av tid til dei prosessane vi bør ha i eiga eining. Vi kjenner sjølvsgatt at vi er litt på hæla, men må samstundes godta at det har si årsak. Planar som aldri vert fylgde er langt meir frustrerande enn planar som vert laga litt undervegs i ein periode.

- Barnehagen har i tillegg deltatt på DUÅ opplæring dei siste 3 åra og det i seg sjølv avgrensar barnehagen og dei tilsette sitt kompetansefokus for lang tid framover. Dette arbeidet tek tid og vil måtte prioriterast høgt enno nokon år for at det skal verte «ryggradsfesta». Vi har dette fyrste året etter at storparten av dei tilsette gjennomførde DUÅ opplæring førre bhg.år, hatt eit eige DUÅ fokus felles på heile huset kvar mnd.

- **Implementering av ny rammeplan, fokus på språk og kommunikasjon.**

- Barnehagen har ikkje kome lenger i implementeringsplanane pr d.d. enn at vi hadde ei målsetting om og ein plan på å få gjennomgått rammeplanen sine kapittel - eit for eitt gjennom dette barnehageåret- med ped.leiarane som ein start. Målsettinga var å «bryte» litt ned det som står i planen og gjere oss felles tankar om innhaldet og vårt fokus vidare. Dette har vi ikkje lukkast med i kampen om møtetida. Eg og pedagogane har enno ein jobb å gjere ift ein meir langsiktig plan for implementeringa. Eg ser m.a. at eg må få lagt til rette for meir møtetid med ped.leiarane for at vi skal lukkast. Vi har valt å legge ressursteam-møta i pedagogmøte-tida, og då har det blitt for lite tid att til det andre.

- Vi hadde også forventningar til at leiaropplæringa vi valde å delta på, skulle gje oss nokon tips på vegen ift implementering av rammeplanen. Der var nok alle skuffa ift innhaldet på dei 2 første samlingane. Den siste samlinga fekk vi ikkje deltatt på, pga mykje sjukdom i barnehagen.
- Har de gode tips å kome med frå andre barnehagar i høve dette, tek vi gjerne i mot dei 😊